



# DEN NORSKE KYRKJA

## Sula Sokn

---

## ÅRSMELDING 2020

*Årsmeldinga søker å gje ei oversikt over aktiviteten i året som er gått og ei framstilling av den økonomiske situasjonen for soknet*

*Dette dokumentet er ein årsmelding for arbeidet i Sula sokn i 2020. Meldinga er utarbeida for Sula sokneråd, og leggjast fram for kyrkjelydsmøtet i Sula sokn til vitande.*

*Årsmeldinga søker å gje ei oversikt over aktiviteten i året som har gått, ei framstilling av den økonomiske situasjonen slik den er kjend no, og å seie litt om planane framover. Årsrekneskapen vert endeleg handsama av soknerådet.*



---

**Jan Erik Hovland**  
Kyrkjeverje  
Sula sokn

## INNHOLD

<b>02</b>	INNLEIING
<b>06</b>	KYRKJE UNDER EIN PANDEMI
<b>08</b>	SOKNERÅDET
<b>10</b>	STATISTIKK OG NØKKELTAL
<b>12</b>	KYRKJEBYGG
<b>17</b>	DIAKONI
<b>21</b>	GUDSTENESTER
<b>30</b>	TRUSOPPLÆRING
<b>28</b>	KYRKJEMUSIKK
<b>30</b>	ØKONOMI

“

Kva gjer vi når menneske ikkje kan samlast?

Når felleskap i kyrkjelyden vert sett på prøve?

Når vi ikkje kan samlast om ordet og sakramenta? Når ein ikkje får samla så mange ein skulle ynskje for å ta avskil med eit kjært familiemedlem eller ein nær ven som har gått bort?

Kyrkjeverje Jan Erik Hovland

Bilde - nydeleg fargespel frå glassmaleri v/koret i Langevåg kyrkje, foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland



# KYRKJE UNDER EIN PANDEMI

**I 2020 har mange av oss kjent på sakn etter tryggleiken i fellesskapet i kyrkjelyden. Der vi ber kvarandre i sorg og glede. Det varme handtrykket eller klemmen, eller berre det å sjå kvarandre og bli sett av nokon.**

For soknerådet og staben i Sula kyrkjelyd har 2020 vore prega av mange vanskelege avgjerder, brå skifter, og mykje usikkerheit. Men også stor fleksibilitet, kreativitet og evna til å vere løysingsorientert. Då kommunen satt krisestab etter den første nedstenginga i mars, blei også kyrkja ved sokneprest og kyrkjeverje, ei naturleg samarbeidspartner for kriseleiinga i kommunen og vi tok del på fleire møter. I arbeidet med smittevern har vi hatt dialog med kommunelegen og pandemigruppa i kommunen heile vegen.

Staben måtte no arbeide med å finne nye måtar å nå ut til kyrkjelyden på når vi ikkje kunne samlast som vanleg - og kreativiteten blomstra. I tida sidan 12. mars 2020 har staben utvikla nye ferdigheiter, og opparbeida seg mykje kunnskap om video-redigering og produsering av korte og lange filmsnuttar. For kyrkjelyden blei videoandaktar det mest brukte formatet for å ta del i noko gudstenesteliknande. Det blei laga videoandakt frå kyrkjene dei

søndagane det ikkje blei arrangert gudsteneste. I dei periodane med størst avgrensing når det gjelder deltakarar, blei også gudstenestene strømma til internett og Facebook-sida. Trusopplæringstiltak og kyrkjevandringar for barnehagane blei også erstatta av video-filmar som barna fikk ta del i. Det blei også laga meir innhald til Facebook i vekedagane elles, som for eksempel eit bibelord, ei bøn eller ei salme; tekst, bilet eller video. Av omsyn til smittevernet vart fleire gudstenester enn normalt lagt til Langevåg kyrkje, som på grunn av storleik og utforming blei vurdert til å vere best egnar.

Frå kyrkjerådet nasjonalt og bispekontoret regionalt har det vore oppmoda til å arrangere open kyrkje – når gudstenestefellesskapet elles har vore avgrensa. Det har vi også tilbydd på Sula i periodar, og nokre har nyttat høvet til å besøke kyrkja då.

Arbeidskvardagen for staben elles har dette året vore prega av meir autonomi, mykje heimekontor, stabsmøter via videokonferanse, og mykje desinfisering.

Men trass i alle restriksjonar har vi, som kyrkjelyd, likevel fått gjort mykje av det vi helst vil gjere; dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Vi har fått delt nattverd og bedt i lag, sunge salmar og delt trua. Restriksjonane ligg fortsatt over oss ut i 2021, og vi

er budd på å halde fram til vi kan opne opp samfunnet og ein meir normal kvardag blir tilgjengeleg for oss alle når tida er inne for det. mange vanskelege avgjerder, brå skifter, og mykje usikkerheit. Men også stor fleksibilitet, kreativitet og evna til å vere løysingsorientert. Då kommunen satt krisestab etter den første nedstenginga i mars, blei også kyrkja ved sokneprest og kyrkjeverje, ei naturleg samarbeidspartner for kriseleiinga i kommunen og vi tok del på fleire møter. I arbeidet med smittevern har vi hatt dialog med kommunelegen og pandemigruppa i kommunen heile vegen.

Staben måtte no arbeide med å finne nye måtar å nå ut til kyrkjelyden på når vi ikkje kunne samlast som vanleg - og kreativiteten blomstra. I tida sidan 12. mars 2020 har staben utvikla nye ferdigheiter, og opparbeida seg mykje kunnskap om video-redigering og produsering av korte og lange filmsnuttar. For kyrkjelyden blei videoandaktar det mest brukte formatet for å ta del i noko gudstenesteliknande. Det blei laga videoandakt frå kyrkjene dei søndagane det ikkje blei arrangert gudsteneste.

I dei periodane med størst avgrensing når det gjelder deltakarar, blei også gudstenestene strømma til internett og Facebook-sida. Trusopplæringstiltak og kyrkjevandringar for barnehagane

blei også erstatta av video-filmar som barna fikk ta del i. Det blei også laga meir innhald til Facebook i vekedagane elles, som for eksempel eit bibelord, ei bøn eller ei salme; tekst, bilet eller video.

Frå kyrkjerådet nasjonalt og bispekontoret regionalt har det vore oppmoda til å arrangere open kyrkje – når gudstenestefellesskapet elles har vore avgrensa. Det har vi også tilbydd på Sula i periodar, og nokre har nyttat høvet til å besøke kyrkja då.

Arbeidskvardagen for staben elles har dette året vore prega av meir autonomi, mykje heimekontor, stabsmøter via videokonferanse, og mykje desinfisering.

Men trass i alle restriksjonar har vi, som kyrkjelyd, likevel fått gjort mykje av det vi helst vil gjere; dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Vi har fått delt nattverd og bedt i lag, sunge salmar og delt trua. Restriksjonane ligg fortsatt over oss ut i 2021, og vi

# SOKNERÅDET

## Soknerådet består av desse medlemene:

Mari Kristin Blindheim, Lisbeth Båtnes Hareide, Olav Hoff, Stine Margrethe Lerheim, Oddmund Jens Måseide, Anne-Berit Salen, Toril Petrine Solevåg, Øyvind Kåre Sunde.

Soknepresten i Sula er fast medlem av rådet, med prosten i Nordre Sunnmøre prosti som personleg vara.

Vararepresentantar (i prioritert rekkefølgje):

Abraham Heggvik, Rolf Idar Fagervoll, Hege Sonja Tusvik Fiskerstrand, Jarle Sæterstøl.

Kommunestyret sin representant etter kyrkjelova er Annbjørg Skår Jarnes, med Jan Magnar Sandvik som personleg vara.

Toril Petrine Solevåg vart vald til leiar i soknerådet for 2020, og Øyvind Kåre Sunde nestleiar.

## Underutval

Soknerådet har desse underutvala:

Administrasjonsutval / Arbeidsutval / Forhandlingsutval Diakoniutval / Barne- og familieutval / Gudsteneste- og kulturutval / Kyrkje- og kyrkjegardsutval / Estetisk utval Planutval for kyrkjelydssenter

I tillegg har soknerådet representantar i Kirkens Nødhjelp, Kirkens SOS og Kirkens bymisjon, Møre.

I 2020 har det vore minimal aktivitet hos dei fleste av desse utvala.



Bilde øvst; 1 meter avstands - golvtape med bibelvers fra Langevåg kyrkje, foto: kyrkjeverge Jan Erik Hovland / Lite bilde, eit av mange soknerådsmøte via Zoom, foto: kyrkjeverge Jan Erik Hovland

**Soknerådet har i 2020 hatt 9 møter og har handsama 45 saker. Dette året har vi fått prøve oss på digitale soknerådsmøter. Vi har brukt plattforma Zoom til dette, men har også hatt fysiske møter på råhuset og i begge kyrkjene.**

**I 2020 vart det årlege soknemøtet utsett til hausten, og blei halden 13. september etter gudstenesta i Langevåg kyrkje.**

# STATISTIKK - NØKKELTAL

NOKRE NØKKELTAL	2016	2017	2018	2019	2020
Døypte born i alt	84	87	68	58	54
Vigsler	7	8	9	11	9
Gravferder	81	68	49	60	68
Saker i soknerådet	39	57	53	57	45
Gudstenester i alt	93	89	86	99	65
Gj. snitt gudst. del-taking	142	132	150	120	66
Totalt deltarar gudst.	13258	11773	12954	11916	4298
Gudsteneste m/ nattverd	52	47	46	59	38
Totalt deltaking nattverd	2716	1904	4634	2629	1438
Snitt-tal natteverd	52	41	101	45	38
Konfirmantar	94	77	82	98	88
Skulegudst. i kyrkjene	7	7	8	6	0
Klassebesök i kyrkjene	3	3	3	3	3
Barnehagebes. i kyrkjene	13	13	13	14	15
Besök i barnehage	2	2	2	3	0
Besök i skuleklasse	3	0	1	5	0

# TILSETTE I KYRKJELYDEN

## Ved utgangen av året gjer desse teneste i Sula kyrkjelyd:

Sokneprest	-	Anders G. Grytten
Kapellan	-	Kirsti Evensen Bjåstad
Kyrkjetenar	-	Amy Lee Sode Hansen
Kantor	-	Håvard Sveås
Organist (25%)	-	Geir Harald Eikrem
Kyrkjelydspedagog (75%)	-	Geir Harald Eikrem
Kateket	-	Barbro Godø Thomassen
Konsulent (80%)	-	Monica Blom-Welle Eikrem
Diakon	-	Ingvild Snipsøy
Kyrkjeverje	-	Jan Erik Hovland

Parkavdelinga i kommunen er utfører det praktiske arbeidet på kyrkjegardane. Amy L. S. Hansen har vore sjukemeldt sidan mai, og Odd Bjåstad har vore tilsett i vikariat i hennar stilling frå august. Monica B.-W. Eikrem har hatt eit engasjement i 20% dette året, slik at stillinga hennar har vore på 100%. Karen Marie Måseide Hovland hadde eit 50% engasjement i trusopplæringa første halvår.

# VIGSLING AV DIAKON INGVILD SNIPSØYR

**Under gudstenesta i Indre Sula kyrkje søndag 2. februar blei  
Ingvild Snipsøyrs vigsla til teneste som diakon i Sula sokn.**

Vigslina vart utført av domprost i Molde, Olav Gading, fungerande biskop på tidspunktet. Ingvild har arbeida i Sula sokn sidan januar 2012, og har under denne perioden tatt deltidsstudier til Master i Diakoni. Sommaren

2019 vart ho ferdig, og vart altså vigsla til teneste denne søndagen. Soknerådet inviterte til kyrkjekaffi på Mauseidvåg bedehus, og stunda blei høgtideleg markert med flotte helsingar og gode ord til den ferske diakonen.



Bilder frå vigsling av diakon Ingvild Snipsøyrs i Indre Sula kyrkje 02.02.20, foto:  
kyrkjeverje Jan Erik Hovland



## KYRKJEBYGG

Desse prosjekta har vore planlagd og gjennomført i 2020.

- Fornying av El-anlegg i Indre Sula kyrkje. Automatsikringar vart installert, og lyktestolpane på parkeringsplassen skifta ut til LED-lamper.

-Vatn og avløpsrør vart skifta i Langevåg kyrkje, og toaletta ved prestesakristiet og side-inngangen vart pussa opp. Den vonde lukta er no heilt vekk, og det vert mykje trivelegare å bruke toaletta i denne delen av kyrkja.

Det store løftet for kyrkjene kom på hausten. Då skifta vi ut lydanlegga i begge kyrkjene. Talelyden har no aldri vore betre i kyrkjene, og vi vonar at vi snart kan opne opp for fullstappa kyrkjer med forskjellige musikalske uttrykk og fantastisk lyd.



Bilde av kyrketårnet Langevåg kyrkje / Venstre bilde, lydanlegg i Langevåg kyrkje / Høgre bilde, lydanlegg i Indre Sula kyrkje foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland

## KYRKJEGARDANE

I 2020 var det store prosjektet med Indre Sula kyrkjegard det som stod i fokus i høve kyrkjegardane.

Planane vart ferdigstilt og anbodskonkurranse blei gjennomført. På grunn av manglande finansiering måtte saka gjennom ei ny politisk behandling i kommunen. Oppstart blir våren 2021. Det er kommunen som er ansvarleg for prosjektet.



Plantegning av Indre Sula kyrkjegard med utviding og namna minnelund.

# DIAKONI

---

**«Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd» (Plan for diakoni, 2007)**

Diakoniarbeidet vert gjennom plan for diakoni delt inn i fire satsingsområde som vi utarbeidar lokale planar for og har som hovudmål for arbeidet vårt i Sula kyrkjelyd. Diakoni er grunnlaget for det meste av aktiviteten vi driv i kyrkja. Året 2020 blei eit spesielt år med tanke på at samfunnet vart heilt nedstengt fleire månader på grunn av covid-19.

## Nestekjærleik


Både prestane og diakon har hatt heimebesøk i 2020, i dei periodane at dette har vore forsvarleg på grunn av smittevern. I tider med strenge restriksjonar har heimebesøk i perioder blitt bytta ut med telefonsamtalar. Vi har i perioder hatt tilbod om «open kyrkje» og «open telefonlinje», eit telefonnummer ein kan ringje dersom ein treng nokon å snakke med. Det har vore ganske få som har benytta seg av desse tilboda, men dei som kjem til kyrkja har gitt uttrykk for at dette betyr mykje.

Vi har hatt institusjonsandakt kvar torsdag på Sulatunet og annan kvar torsdag på dagsenter for eldre og Erindringsenteret, med unntak av tida mars-juni då vi ikkje kunne gjennomføre dette av hensyn til smittevern. Dette er eit samarbeid mellom staben og pastor

i frikyrkja etter ein oppsett turnus. 2.juledag vart det halde gudsteneste på Sulatunet, men utan nattverd grunna smittevern. Dette er viktige diakonale tilbod og vi er glade for eit godt samarbeid med institusjonane i kommunen.

Det vart i 2020 planlagt og gjennomført to minnegudstenester i Langevåg kyrkje, søndag i romjula. Dette er ei gudsteneste der diakoni står sentralt, med diakoniutvalet som arrangørar. Her får vi gjennom ord og tonar minnes dei i kyrkjelyden vår som har gått bort det siste året. I år vart dette lukka gudstenester der nærmaste familie fekk invitasjon til å melde seg på. Dette på grunn av strenge restriksjonar frå myndighetene.

Kyrkja er også representert i tverrfaglege samarbeid med ulike kommunale instansar. Diakon og sokneprest er kyrkja sine representantar i den kommunale kriseleninga og kommunen sitt psykososiale kriseteam. Andre kommunale samarbeid som kyrkja har vore ein del av har i 2020 ikkje vore i aktivitet.



Heilsidebilde, foto: Unsplash.com / Bilde venstre: open kyrkje frå Langevåg kyrkje, foto: diakon Ingvild Snipsøy / Høgre bille: Utsnitt av detalji i utsmykking Indre Sula kyrkje, foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland

## Inkluderande felleskap

Kyrkja har fleire tiltak for inkluderande felleskap for ulike grupper.

- *Kyrkjeklubben* er ei tilrettelagt samling for psykisk utviklingshindra, og dei har samling ca ein gong i månaden i Langevåg kyrkje.

- *Språkkafe* på biblioteket som er eit tilbod til innvandrarar som ynskjer å bli integrert og lære betre norsk. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja, biblioteket og Langevåg Røde kors. Samlingane er annakvar veke på biblioteket og er eit godt integreringstiltak i Sula.

- *Kyrkjekaffi* ynskjer vi å ha etter alle vanlege gudstenester. Det er frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden som har ansvar for dette etter oppsett turnus. Dette er eit viktig diakonalt tiltak for å skape fellesskap knytt til gudstenestene våre.

Felles for desse tre er at vi ikkje har fått til å gjennomføre desse tiltaka etter 12.mars og nedstenginga av samfunnet.

Fellesskap for born og unge som babysang og barnekor har vi kunne hatt fleire samlingar på grunn av at smittefarene for desse aldersgruppene ikkje er like stor som hjå vaksne eller menneske i risikogrupper. Likevel ser vi at kvaliteten på tilboden dessverre ikkje har vore like godt på grunn av grep vi må gjere med tanke på smittevern, med mindre grupper, avstand og liknande.

## Vern om skaparverket og kampen for rettferd

Misjonsprosjektet vårt i Sula kyrkjelyd er kyrkjelydsplanting og bygging av to kyrkjer i Saku og Mustame i Estland. Kyrkjelyden vår har i 2020

gjennom ofringar på gudstenester, misjonsforeininga Ester og privat givarteneste samla inn ca 31 000 kr til misjonsprosjektet.

Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon er eit anna stort diakonalt tiltak i kyrkjelyden vår. Her er ein med å gjere ein forskjell for dei som har minst. Arbeidet med at fleire skal få tilgang på rent vatn har dei siste åra vore satsingsområdet for Fasteaksjonen. På grunn av Covid-19 vart det ikkje dør-til-dør aksjon og aksjonen vart digital dette året. I 2020 samla vi inn 74 378 kr via offer, vipps og facebook. Dette er ein nedgang frå dei siste åra.

## Diakoniutval og framtidssplanar

Diakoniutvalet i Sula sokn består av Olav Hoff (leiar), Heidi Vold, Jorid Strømeland, Rigmor Matvik, Lisbeth Båtnes Hareide, Toril Petrine Solevåg og Oddmund Måseide. Frå staben er diakon Ingvild Snipsøy og sokneprest Anders Grytten med i utvalet.

Utvaket håper at vi i løpet av 2021 kan starte opp igjen dei tiltaka vi har hatt tidlegare, slik at fleire kan få mulighet til å samlast i kyrkjene våre igjen. Utvalet ynskjer å drive det diakonale arbeidet framover og kanskje skape nye arenaer for ulike fellesskap i kyrkjelyden vår. Visjonane for framtida er at vi ynskjer at kyrkja på Sula skal vere ein plass for alle med ulike typar arrangement og fellesskap. Vi håper at vi i løpet av 2021 kan ta opp igjen den aktiviteten vi hadde før Covid-19 og vere synlege i lokalsamfunn gjennom nye arrangement og ulike samarbeid med lokale foreiningar og organisasjonar.

“

Vi har i perioder hatt tilbod om «open kyrkje» og «open telefonlinje», eit telefonnummer ein kan ringje dersom ein treng nokon å snakke med. Det har vore ganske få som har benytta seg av desse tilboda, men dei som kjem til kyrkja har gitt uttrykk for at dette betyr mykje.

Diakon Ingvild Snipsøy



Detaljbilde frå Langevåg kyrkje,  
foto: kyrkjeverge Jan Erik Hovland  
Lite bilde illustrerer tenning av  
fastelys i fastetida, foto: Bo Mathisen

“

Kyrkja kan vere fleksibel. Gudstenestefeiringa vart sjølvsagt amputert. Men god innsats fra stab, både med innhold og teknisk kompetanse og lærevilje, gjorde at vi klarte å oppretthalde eit digitalt tilbod. Dette er ei god erfaring vi tar med vidare.

Sokneprest Anders Grytten



Bilde øvst: Gudsteneste frå Langevåg kyrkje

Bilde nedst, Julekonsert med Garness

Foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland



## GUDSTENESTE

---

I kyrkja skjer dei fleste endringar sakte og forsiktig, men i 2020 gjekk det unna! Sokneprest Anders Grytten meiner at det er tre hovudinntrykk som sit igjen etter dette året...

**For det første:** Fysisk nærvær er viktig. Einvegskommunikasjon med hjelp av digitale media fungerer på eit vis. Det kan senke terskler og gjere kyrkja meir tilgjengeleg, men å vere i same rom saman samtidig skaper ein heilt anna oppleving av relasjon. Aller mest tydeleg vart det då ikkje fleire enn 20 kunne vere samla til gravferd. Det var sårt. Likeledes var det svært leit at den sosiale dimensjon ved gudstenesta forsvant. Mange av våre medlemmer levde ganske isolert, og det er dumt at møteplassene som kyrkjekaffe, samtalekveldar, andakter vart innstilt. Dåp fikk vi ikkje avvikla i lengre perioder. Det blir spanande å sjå kva som skjer med dåpstalla framover.

**For det andre:** Kyrkjelyden fungerte sjølv om mykje vart forskjellig. Et nytt sokneråd og nye utval var i ferd med å etablere seg då nedstenginga kom. Gode prosesser og planer vart satt på vent.

Men samarbeidet mellom dei ulike organa i kyrkja og med andre kommune og andre instansar var, så langt eg ser, knirkefritt. Soknerådet klarte å fatte beslutningar etter kvart som det var behov. Dialogen mellom SR og tilsette var open og god. Vi klarte å bli einige om kva som var grunnleggjande mål og premisser for beslutningane vi måtte ta. Vi kunne sikkert gjort andre val, men heilhetsinntrykket er at ting ikkje vart heilt katastrofalt. Organiseringen med arbeidsutval gav møteplass og fleksibilitet.

**For det tredje:** Kyrkja kan vere fleksibel. Gudstenestefeiringa vart sjølvsagt amputert. Men god innsats fra stab, både med innhold og teknisk kompetanse og lærevilje, gjorde at vi klarte å oppretthalde eit digitalt tilbod. Dette er ei god erfaring vi tar med vidare.

“

Vi starta året med friskt mot, men etter nedstenginga vart vi utfordra til å tenke nytt og kreativt både på den eine og den andre måten.

Kyrkjelydspedagog  
Geir Harald Eikrem



Heilsidebilde, Nattverd med barn, foto: Bo Mathisen / Bilde venstre: Logo Tårnagent TV, design: trusopplærar Geir Harald Eikrem / Høgre bilde: Innspeling av Tårnagent TV på Giske, foto: diakon Ingvild Snipsøyrs

## TRUSOPPLÆRING

Trusopplæringa i 2020 vart som alt anna prega av pandemien, og mykje av tiltaka har vi måtte avlyse. Vi starta rett nok friskt med 1.klassebok samling i januar, men etter det vart vi utfordra til å tenke nytt og kreativt både på den eine og den andre måten.

### 1.klassesamling

Det vart 1.klasseboksamling både i Indre Sula og Langevåg i januar. Dette er flotte samlingar og gudstenester, og som tidlegare år deltok Blessing på begge gudstenestene. Til saman var det 41 3.klassingar innom på anten samling eller gudstene, eller begge deler.

### Mesterens Mester

I februar debuterte Mesternes Mester som samling for 7.klasse. Dette er ei samling lausleg basert på TV-programmet med same navn, der ungdommane får testa sine evner både fysisk og mental på ein trygg og forhåpentlegvis morosam måte. Det vart i allefall ein stor suksess, og vi hadde 34, 7.klassingar innom, i tillegg til mange vaksne, både foreldre og frivillige, som medhjelparar. Vi lærte mykje av dette første forsøket, og gler oss til å kunne invitere på nytt når samfunnet tillet det.

I mars hadde vi planlagt Tidsreisa for både 5. og 6.klasse, slik vi gjorde greie for i forrige årsmelding. Påmeldinga var allereie godt i gang då pandemien slo til og vi måtte avlyse.

Vidare har vi avlyst Tårnagent for 3.klassingar på våren og 4.klassesamling på hausten. Dette betyr at eit heilt årskull har gått glipp av 2 samlingar i trusopplæringsplanen, noko som sjølv sagt er trist. Som «plaster på såret» spelte vi inn 4 episoder av tårnagent-TV på vårparten, som alle 3.klassingar fekk invitasjon til å sjå. Vi synest det blei ganske bra, og håper å gjere nytte av desse episodane også ved seinare Tårnagent-samlingar.


### Klar! Ferdig GÅ!

-semesterstartsgudstenesta måtte vi også avlyse. Dette både på grunn av smittevern, men også fordi vi i denne perioden var i full gang med utsatte konfirmasjonar, samt oppstart av nye konfirmantar.

## 4-årsbok

På hausten klarte vi å gjennomføre ei koronatilpassa 4-årsboksamling i Langevåg kyrkje. Dette gjorde vi ved å ha god avstand og ingen bevegelse under samlinga. Dette er sjølvsagt utfordrande for 4-åringar, men vi følte vi lykkast nokonlunde.

Dessverre blei det nedstengt igjen før



## Korarbeid

Blessing, BigBless og Ten-sing starta 2020 friskt, men måtte sjølvsagt også leggast på is frå mars av. Vi fekk til ei sommaravslutningssamling med alle kora utandørs i fint ver i juni. I tillegg gjorde Blessing og BigBless ei «heimeinnspeling» av Må gud velsigne deg som det blei laga video av. Ei kjekt prosjekt i den verste nedstenginga.

På hausten gjorde vi forsøk på starte opp igjen, men det vart etterkvart sporadiske forsøk, sidan vi heile tida måtte følge med på smittesituasjonen. Vi såg også at koronatilpassa korøvingar tærte på motviasjonen hos mange av barna/ungdommane, og at det derfor ofte var betre å ikkje ha samling.

vi fekk gjennomføre same samling i Indre Sula. Dei som hadde meldt seg på her, fekk boka kjørt heim i postkassa. Det var 23 stk. 4-åringar på samling i Langevåg kyrkje, og 25 stk. 4-åringar fekk boka i postkassa.

LysVaken for 6.klassingar blei også avlyst på grunn av pandemien.

## Konfirmantarbeidet

Våren 2020 skulle vi konfirmer 88 konfirmantar. Arbeidet gjekk som normalt fram til mars. Da måtte vi starte med digitalt opplegg. Responsen frå konfirmantane var god på dette. Dei fekk også etter kvart godkjent digitale gudstenester som vart publisert enten av Sula kyrkjelyd eller nasjonalt via Facebook eller NRK. Konfirmasjonane vart utsett til september og oktober, fordelt over 3 helger. Det fine med dette var at vi hadde kontakt med dei over sommeren. Dette ga god rekruttering til leirleiar-arbeidet. Men å starte opp nytt kull samtidig som vi avslutta det forrige var krevande. Likevel fekk vi gjennomført presentasjon av 96 nye

konfirmantar, og hadde leir for 31 av dei første helga i haustferien, der 9 av forrige kull var med som nye leiarar. Totalt 11 ungdommar var med leiarar, og 4 frå staben. I tillegg var foreldre nattevakter og ekstra vaskehjelp. Sett i ettermiddag var dette vindauget i oktober akkurat det vi trengte for å kunne ha leir. Mange andre kyrkjelydar har avlyst sine leiarar i år.

Leirleiarane hadde samlingar i forkant av leir, og 2 i etterkant.

Etter innstramming i november vart det vanskeleg å få gjennomført vanleg undervisning, men vi fekk sett alle til samling i kyrkja før jul, fordelt på 6 grupper.



Bilde venstre, side 24: Kyrkjelydsmedarbeider Geir Harald Eikrem gjer seg klar til å kjøre ut og personleg levere 6 års kyrkjebok med ei lita helsing, Foto: Kateket Barbro Godø Thomassen / Bilde øvre, side 24: Korøving med Blessing i Indre Sula kyrkje foto: diakon Ingvild Snipsøy / Bilde, side 25: Barnegudsteneste i Indre Sula kyrkje med tydeleg kohortinndeling, foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland



## Samarbeid med barnehagar og skule

Barnehagane kunne ikkje kome i kyrkje til påskevandringar grunna korona. I mars spelte vi inn ei digital påskevandring som vi formidla ut til alle barnehagane via Sula sokn sin nye Youtube-brukar. Nokre spurte om dei kunne dele vidare med foreldre, og det fekk dei sjølv sagt. Vi var ganske nye i film-gamet, så vi ser no at vi kanskje kunne gjort det litt annleis. Men vi er fornøgd med at vi fekk produsert eit tilbod til barnehagane raskt, og dermed kunne halde kontakten på ein fin måte.

Alle barnehagane kom med avdelingar i kyrkja før jul da vi inviterte til julevandringar. Oddrun Godø hjalp med å sy fleire kostymer, og vi la opp til mange vandringar med vask mellom slik at vi kunne ha god på kontroll på smittevern.

I desember fekk barnehagane tilsendt ei digital julesamling sidan ingen, utanom Hatlebakken, fekk til å komme til gudsteneste i kyrkja pga smittevern. Dette vart godt mottatt.

Vi hadde nokre få skulebesøk frå 4.klassingar hausten 2020. Tema var sorg og død. Ungdomsskulen hadde bestemt at dei ville komme til julegudsteneste, men aukt smittenivå gjorde dette umulig. Det vart streama direkte til u-skulen via Facebook på siste skuledag. Barneskulane bestemte tidleg at dei ikkje fekk til å komme i kyrkja. I staden fekk dei tilsendt ei digital samling som dei sto fritt til å bruke i klassene, og inntrykket er at dei fleste klassene fekk sett det. Kvar skule sendte inn innslag med sang og lesing av juleevangeliet, og det vart laga ei samling for kvar skule. Responsen på alt dette arbeidet har vore utelukkande positivt. Vi håper sjølv sagt likevel at vi kan møte alle som vanleg i kyrkja i 2021.



Heilsidebilde, utsnitt av maleri i Indre Sula kyrkje, foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland / Bilde venstre: Digital påskevandring til barnehagane laga av kyrkjelydspedagog Geir Harald Eikrem og kateket Barbro Godø Thomassen, foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland

# KYRKJEMUSIKK

**2020 har også i det kyrkjemusikalske arbeidet vore sterkt prega av korona-pandemien og samstundes gav det kantoren ein nyvunnen respekt for alle som driv med videoproduksjon - dette var tidkrevjande , men òg interessant.**

## Minikonsert

Den aller første gudstenesta som vart avlyst skulle vore musikalsk messe med Voxing og svensk gospel. Som ei slags erstatning for denne vart det laga ein minikonsert med nokre svenske songar, før neste digitale konsertdrypp vart minikonsert med Tricia Boutté-Langlo og Håvard Sveås. Denne vart spelt inn med Håvard sitt pianospel i Langevåg kyrkje først, før Tricia song oppå kompet medan ho filma seg sjølv heime og sette det saman til ein video der begge viste samstundes.

## Videoinnspeling


Vidare vart det direktesendt musikalsk påskestund frå Langevåg kyrkje på påskeaftan, før vi i ei lengre periode brukte innspelte videoandakter for å bøte på fråveret av gudstenestefeiring. Videoinnspeling med fleire kamera, innspeling av fleire songspor som «kyrkjelyd», miksing av lyd og redigering av video ga kantoren ein nyvunnen respekt for alle som driv med videoproduksjon - dette var tidkrevjande, men òg interessant.

Hausten 2020 var litt meir normal, men dels på grunn av begrensningar i antal deltakarar i kyrkjelege handlingar, og dels grunna ein kronglete rygg med påfølgjande sjukemelding for kantor Sveås, vart det ikkje noko større musikalsk messe-satsing. Vi skulle markere Landstad-jubiléet med høgtideleg gudsteneste med kor og orgelmusikk, men dette kjem vi til å ta att når det opnast opp igjen for normal drift og fullare kyrkje. Arrangementa, samt eit nytt orgelverk (komponert over namnet Landstad) og ein ny melodi til ein Landstadtekst vart skrivne denne hausten, og ligg klare på vent!

Vi må trekke fram positive bidrag får Victoria Standal Dyrkorn på julaftan, og frå Sula Trad Band som trass pandemi heldt tradisjonen i hevd med deltaking i gudstenesta 1. juledag.

Noko av alt vi har lært om videoinnspeling og strømming/ direktesendingar kjem vi heilt sikkert til å gjere oss nytte av også vidare - mellom anna til presentasjon av salmar og andre musikalske helsingar på kyrkjelyden si Facebookside.

*Heilsibilde, utsnitt av orgel i Langevåg kyrkje, foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland / Bilde venstre: Orgeltastatur frå Indre Sula kyrkje, foto: kyrkjeverje Jan Erik Hovland / Bilde høgre: Tricia Boutté-Langlo, foto: promo photo - triciaboutte.com*



# ØKONOMI

**Rekneskapen er ført og avstemt av økonomiavdelinga i kommunen, og vert fastsatt i soknerådet**

## Resultat

Driftsregnskapet er avslutta i balanse. Resterande meirforbruk frå drift i 2018 på kr 24.391 er dekka inn i 2020.

Investeringsregnskapet er avslutta med eit udekka beløp på kr 267.446. Det udekka beløpet skal førast opp til dekning på investeringsbudsjettet i 2021.

## Kommunen sitt tilskot

### Drift

Kommunen sitt tilskot til fellesrådets drift er kr 4.435.000.

Tilskotet dekker drift av den lokale kyrke og kyrkjegardane i kommunen. Fellesrådet bestemmer korleis midlane skal brukast.

Det er vidare inngått avtale om tenesteyting med Sula kommune som dekker drifts oppgåver på:

Merkantile oppgåver og

leie av kontorlokalar: kr 120.000

Drift/vedlikehald kyrkjebygg kr 50.813

Gravplass kr 740.896

Til saman kr 911.709

## Investering

Det er bokført investeringsutgifter i 2020 på kr 1.425.761. Dette består av:

- Prosjektering kyrkjelydssenter: kr 237.925
- El-anlegg Indre Sula kyrkje: kr 198.503
- VA-røyr og toalett Langevåg k.: kr 131.150
- AV anlegg Indre Sula kyrkje: kr 353.379
- AV anlegg Langevåg kyrkje: kr 504.804

Arbeid på Indre Sula gravplass vert utført av kommunen og overført når arbeidet er ferdig.

Der er utført arbeid for kr. 1.712.797 i 2018, kr. 2.175.063 i 2019 og kr. 148.579 i 2020, totalt kr. 4.036.439.

## Lønn / Personal

LØNN OG PERSONALUTGIFTER	2020	2019
<i>Består av følgende poster:</i>		
<i>Lønninger og honorarer</i>	4 220 302	3 835 786
<i>Pensjonsutgifter</i>	464 861	572 238
<i>Arbeidsgiveravgift</i>	594 379	591 830
<i>Andre lønnsutgifter</i>		
<i>Sum lønns- og person-alutgifter</i>	5 279 542	4 999 854
<i>Gj. snittlig antal ansatte</i>	7,0	7,0
<i>som utfører gj. snittlig årsverk</i>	6,8	6,8

Ansatte og årsverk er faste stillinger.

Alle tilsette er tilknytt felles kommunal pensjonsordning i samsvar med tariffavtale i KA tariff-område. Tilsette betalar 2% av løna i premie. Det vart betalt kr. 20.614 i eigenkapitalinnskot til KLP i 2020.

SPESIFIKASJON OVER FOND PR. 31.12.20	2020	2019	ENDRING	KOMMENTAR
<b>DISPOSISJONSSFOND</b>	<b>339 560</b>	463 560	<b>- 124 000</b>	
256080501 Etterutdanningsf.	67 433	67 433	0	
256080502 Disposisjonsfond	272 126	371 126	- 99 000	Bokført budsjettert bruk av disp. fond 2020
256080505 Kyrkjemusikk	0	25 000	- 25 000	Bokført budsjettert bruk av disp. fond 2020
<b>BUNDNE DRIFTSFOND</b>	<b>3 204 410</b>	3 226 816	<b>- 22 406</b>	
251080500 Sula sokneråd	189 013	168 458	20 555	Positivt resultat fra ansvar 44000 (Soknerådet)
251080501 Barne- og ungdomskor	15 804	5 102	10 702	Positivt resultat fra ansvar 48000 (Barnekorarbeid)
251080503 Diakonifond	60 415	53 162	7 253	Positivt resultat fra ansvar 41000 (Diakoni)
251080506 Indre Sula kyrkje	0	16 849	- 16 849	Bruk til å dekke overføring til investeringsrekneskap
251080507 Kyrkjemusikk	0	82 217	- 82 217	Bruk til å dekke overføring til investeringsrekneskap
251080508 Trusopplæring	411 009	401 339	9 670	Positivt resultat fra ansvar 46000 (Trusopplæring)
251080509 Menighetshus / orgel	2 528 169	2 499 689	28 480	Offer 2020 til menighetshus
<b>BUNDNE INVESTERINGSFOND</b>	<b>309 660</b>	0	<b>309 660</b>	
255080501 Menighetshus	309 660	0	309 660	Positivt resultat 2020 fra investeringsprosjekt
<b>REGNSKAPSMESSIG MEIRFORBRUK</b>	<b>0</b>	<b>- 24 391</b>	<b>24 391</b>	
259000902 Meirforbruk drift	0	- 24 391	24 391	Resterende meirforbruk fra 2018 er dekka inn i 2020
<b>UDEKKA I INV. REKNESKAPEN</b>	<b>- 267 446</b>	0	<b>- 267 446</b>	
259700907 Udekka beløp inv.	- 267 446	0	- 267 446	Beløpet skal først opp til dekning på inv. bud. i 2021



### Kyrkjeverja si kommentar til rekneskapen:

Resultatet for årsrekneskapen viser at drifta går i balanse, men at investeringsrekneskapen har eit meirforbruk på kr. 267.446. Dette gjelder prosjektet Nye lydanlegg i kyrkjene. Soknerådet har på nyåret bedt Sula kommune om ei tilleggsloyve til prosjektet, men det har ikkje kome svar. Før jul fekk vi ei stor gåve frå Cementprodukt til prosjektet, og etter nyttår er det komen inn gåver frå kyrkjeringen ved Indre Sula kyrkje og Fiskerstrand verft, men det manglar framleis midlar. Soknerådet skal legge ein plan for inndekning av meirforbruket over investeringsbudsjettet i 2021.

Det er elles vert å merke seg at meirforbruket i driftsrekneskapen frå 2018 no er dekt inn.

Til drifta elles vil eg sei at 2020 har vore eit uforutsigbart år, men at midlane har blitt brukt etter beste evne til gang for soknet.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Jan Erik Hovland".

*Heilsidebilde, glassmaleri i Indre Sula kyrkje, foto:  
kyrkjeverje Jan Erik Hovland*

# *Meir himmel på jorda*

Årsmelding Sula sokn  
2020